

Møtebok FR 14. sept. 2022

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 14. september kl. 17:30 på kyrjekontoret.
Opningsord: Dag

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Jens Arne Stautland (Nysæter), Anders Dahl (1. vara Stord) Heine Kaldefoss (1. vara Nysæter), Øyvind Kyvik (kommunal representant) (sak 26, 28 og 29), og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).
Nils Dale Elde hadde først meldt forfall men kunne møta likevel. Han vart difor tildelt rolla som observatør med talerett på dette møtet.

FRÅVER: Marit Stalheim Grimstad (Nysæter), Jørgen Knudsen (geisteleg representant) Svein Arne Theodorsen (vara, geisteleg representant) var innkalt, men kunne ikkje møta.

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2022/24 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtak:

Godkjent med endring i rekkefølge på sakene sidan kommunal representant måtte forlata møtet 18:30.

Samrøysta vedteke.

2022/25 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 15. juni 2022.

Vedtak:

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2022/26 131 Økonomirapport pr. 31.08.2022.

Vedtak:

Rekneskapsrapporten pr. 31.08.2022 vert teke til vitande.

Samrøysta vedteke.

2022/27 273 Evaluering av DØGNET 2022

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd sluttar seg til evalueringa frå dei tilsette og ber kyrkjeverja arbeida vidare med dei synspunkta som kom fram i fellesrådet når fokuset no blir mot DØGNET 2023.

Samrøysta vedteke.

2022/28 012.2 Permisjonssøknad frå nestleiar i fellesrådet, Marit Stalheim Grimstad.

Vedtak:

Marit Stalheim Grimstad vert innvilga permisjon.

Heine Kaldefoss er 1. vara frå Nysæter sokneråd.

Han går inn som fast medlem i fellesrådet fram til valet i november 2023.

Samrøysta vedteke.

2022/29 002.32 Valg av ny nestleiar i Stord kyrkjelege fellesråd ut året.

Vedtak:

Heine Kaldefoss vert valgt til nestleiar i Stord kyrkjelege fellesråd ut 2022.

Samrøysta vedteke.

2022/30 221 Planlegging av avslutningsfest for avtroppande kontor i Stord.

Vedtak:

Orienteringa frå kyrkjevevja vart teken til orientering.

Samrøysta vedteke.

Referat, meldingar, orienteringar:

- Orientering om vedtak i Administrasjonsutvalet og AU:
 - Tilsetjing av kyrkjemusikar i Stord, sjå referat frå 15.09.2022
 - Tilsetjing av diakonimedarbeidar, sjå referat frå 15.09.2022.
- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag & Anders
 - Sokneprest Olav Oma har slutta. Prost Svein Arne Theodorsen er fungerande sokneprest i Stord og møter i soknerådet fram til ny sokneprest er på plass.
 - Reidun Andersen frå kyrkjevevjeadministrasjonen er frå no av sakshandsamar i Stord sokneråd.
 - Misjonsprosjektet med tanke på vegen vidare.
 - Fokus på oppstart. Mange fine aktivitetar, tilbod og arrangement i september.
 - Er veldig spent på status når det gjeld søkjarar til dei ledige prekestillingane i Stord.
 - SPIRA er snart ferdig og blir sendt ut til husstandane i byrjinga av oktober.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Jens Arne
 - Fokus på oppstart og mange gode tilbod i kyrkja.
 - Kyrkjelydsfest 27. oktober.
 - Jbileumsgudsteneste 18. desember.
 - Anne og Ingvild har vore i soknerådet og informert om TOL-tilboda dette semesteret.
 - Døgnet.
 - Prostdag.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Flott basarlaudag og god stemning. Inntekter på drøye 50.000,-.
 - Pizza & quiz og søndagskaffi er populære tilbod.
 - Arbeider med større fokus med marknadsføring/sosiale medium.
 - Truleg sopp i kjellaren som må gjerast noko med.

- Referat frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
 - Komiteen skal ha møte torsdag 15. september i Kyrkjestova.
- Nytt frå staben:
 - God stemning og kjekt på kyrjekontoret.
 - Travle dagar med mange aktivitetar kombinert med redusert bemanning.
 - Det merkast at me har lite presteressursar.
- Nytt frå gravplassane.
 - Travle tider med mange gravferder.
 - Morten Simonsen fungerer for tida som arbeidsleiar då Heidi Wannberg har ferie.

Stord 14. september 2022
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar



Liv Kari Bru
Kyrkjevevje/dagleg leiar

**Neste møte i fellesrådet er
onsdag 02.nov. 2022 kl. 17:00**